



Hjelmeland kommune  
Vågavegen 116  
4130 Hjelmeland

Kontakt saksbehandler

Tina Eltervåg, 51568789

## Statleg samordna brev til detaljreguleringsplan R104 for Svadberg industriområde, 139/23,28 Hjelmeland

Me viser til offentlig ettersyn av detaljregulering for Svadberg industriområde, oversendt frå kommunen den 14.10.2020.

Frå 2018 er det innført som fast ordning at Fylkesmannen skal samordne statlege motsegner til kommunale arealplanar etter plan- og bygningslova. I denne saka har Fylkesmannen og NVE motsegn til detaljreguleringsplanen. Motsegnene er lista opp under og uttalane ligg vedlagt.

NVE har motsegn til planen fordi

- planforslaget inneheld ikkje nok opplysningar til å vurdere om tiltaket kan gjennomførast med tilstrekkeleg tryggleik for skred (pbl. § 28-1, TEK 17 § 7-3).
- planforslaget inneheld ikkje nok opplysningar til å vurdere om tiltaket kan gjennomførast med tilstrekkeleg tryggleik mot flaum. Omsynet til klimaendringar og overvatn er heller ikkje tilstrekkeleg vurdert i planarbeidet og må ses i samanheng med flaumfare (pbl. § 28-1, TEK 17 § 7-2).

Fylkesmannen har motsegn til

- byggegrense mot Storåna
- manglande føresegner som sikrar uønskt avrenning til Storåna

Fylkesmannen vil gjerne invitere partane til et Teams-møte for å komme fram til en løysning. Ta kontakt med saksbehandler Tina Eltervåg ([tielt@fylkesmannen.no](mailto:tielt@fylkesmannen.no)) for å avtale tid.

Med helsing

Harald Thune  
ass. fylkesmann

May Britt Jensen  
fylkesmiljøvernsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



Vedlegg

- 1 Motsegn offentlig ettersyn plan-ID R104 Svadberg industriområde endring adkomst m.m. fiskeoppdrett 139/23 og fruktlager 139/28 Årdal
- 2 Uttale - offentlig ettersyn for endring av plan R104 for Svadberg industriområde gnr./bnr. 139/23, 28 Hjelmeland

Kopi til:

NVE Norges vassdrags- og  
energidirektorat  
Rogaland fylkeskommune

Postboks 5091 Majorstuen 0301 Oslo

Postboks 130 4001 Stavanger

Fylkesmannen i Rogaland  
Postboks 59  
4001 STAVANGER

Vår dato: 17.11.2020  
Vår ref.: 202003442-4  
Arkiv: 323  
Dykkar dato: 14.10.2020  
Dykkar ref.: 20/226-27/20/13985

Sakshandsamar:  
Marilyn Marskar  
97161321/mmar@nve.no

## **NVE fremmar motsegn - Offentleg ettersyn - Endring av R104 reguleringsplan for Svadberg Industriområde, Årdal - Hjelmeland kommune**

Vi viser til brev frå Hjelmeland kommune datert 14.10.2020. Saka gjeld høyring av forslag til endring av R104 reguleringsplan for Svadberg industriområde i Årdal. Gjeldande plan med føresegner er frå 07.05.1986. Føremålet med planframlegget er å legge til rette for etablering av landbasert oppdrettsanlegg i delområde B1 i aust. Frist for uttale er 30. november 2020.

**Med heimel i pbl § 5-4 fremmar NVE motsegn til planen fordi:**

- 1) planforslaget inneheld ikkje nok opplysningar til å vurdere om tiltaket kan gjennomførast med tilstrekkeleg tryggleik for skred (pbl. § 28-1, TEK 17 § 7-3)**
- 2) planforslaget inneheld ikkje nok opplysningar til å vurdere om tiltaket kan gjennomførast med tilstrekkeleg tryggleik mot flaum. Omsynet til klimaendringar og overvatn er heller ikkje tilstrekkeleg vurdert i planarbeidet og ses i samanheng med flaumfare (pbl. § 28-1, TEK 17 § 7-2)**

NVE har tidlegare delteke i planprosessen og gjeve innspel til varsel om reguleringsendring, jf. brev datert 20.03.2020. Denne motsegna blir sendt Fylkesmannen i Rogaland, jamfør ordning med samordning av statlege motsegner. Hjelmeland kommune får kopi av brevet då vi har vore i kontakt med saksbehandlar i kommunen om motsegna.

### **Om NVE**

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonal sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

### *Tryggleik mot skred*

Planområdet ligg under marin grense. Det finst ikkje informasjon eller dokumentasjon i plandokumenta som tilseier at fare for kvikkleire/områdeskred kan ses bort frå. Forslagsstiller skriv i ROS-analyse s. 4: *Området ligger innenfor breen- og/ eller bresjøavsetning, uspesifisert. Det er store muligheter for marin*

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**  
Abels gate 9  
7030 TRONDHEIM

**Region Nord**  
Kongens gate 52-54  
Capitolgården  
8514 NARVIK

**Region Sør**  
Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**  
Naustdalsvegen. 1B  
6800 FØRDE

**Region Øst**  
Vangsveien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR



leire. Det må derfor foretas grunnundersøkelser for å avklare dette. Undersøkelser vil foretas før planen legges fram for 2. gangsbehandling.

TEK 17 § 7-3 og NVE veileder 7/2014 angir krav til tryggleik og dokumentasjon. NVE fremmar motsegn til planendringa fordi det er mangelfullt grunnlag for å vurdere kor vidt tiltaket kan gjennomførast med tilstrekkeleg tryggleik mot skred. Det kan i prinsippet tenkast at det må utførast terrengarbeid utenfor planområdet for å oppnå tilstrekkeleg tryggleik. Det kan då i neste omgang vise seg at det ikkje ligg til rette for realisering av planen. Ved siste plannivå er det ikkje mogeleg å skyve nærare avklaring av reell fare til byggesaken ved å sette vilkår for å innvilge byggesøknad, jf. [rundskriv H-5/18 om Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling](#). Kravet til ROS-analyse i lovens § 4-3 vil då ikkje vere oppfylt. Rekkefølgekrav foreslått av Prosjektil AS etter 1. gangsbehandling merka i blått i høyringsutkastet til føresegner er dermed ikkje i tråd med rundskriv H-5/18.

**For å løysa motsegna må det avklarast at det er tilstrekkeleg tryggleik mot kvikkleire/områdeskred for tiltaket, jf. NVE veileder nr 7/2014. Dersom skredfare blir utreda og handtert i tråd med NVE veileder nr 7/2014, så fell grunnlaget for motsegn bort når det gjeld skredfare.**

#### *Tryggleik mot flaum*

Det er tatt inn omsynssone for flaum i plankartet og føresegner. I utkast til føresegner står det at *Innenfor hensynssonen H320 skal bygg, konstruksjoner, bygningsdeler og utstyr som ikke tåler vann plasseres på minimum kote 5,8 m.* Å fastsetta trygg byggehøgde i forhold til flaum er i tråd med innspel frå NVE datert 20.03.2020 til varsel om reguleringsendring. Utfordringa er at [rapporten frå flaumfarekartlegginga Delprosjekt Årdal](#) er frå 2007 og har ikkje tatt inn omsynet til klimaendringar, jf. [Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing](#).


Klimaendringane i Rogaland vil særleg føre til behov for tilpassing til kraftig nedbør og auka problem med overvatn; havnivåstigning og stormflo; endringar i flaumforhold og flaumstorleikar og skred. I dag er det slik at dersom det blir utført flaumutrekningar og blir framstilt flaumsonekart, bør ein rekna med 20 % auke i vassføringa.

#### *Faglege råd til utredning av flaum og trygg byggehøgde*

I kartlegginga frå 2007 er det berekna maksimale flaumvassføringar og vasstander for middelflaum, 5-, 10-, 20-, 50-, 100-, 200- og 500-årsflaum. I prosjektet er sikkerheitsmarginen satt til 30 cm, som då må leggest til berekna vasstandar. Farekart syner ikkje 200 årsflaum med klimapåslag, heller ikkje 500 årsflaum. Likevel kan data frå rapporten nyttast som grunnlag til å vurdere flaumfare opp mot gjeldande regelverk og vi syner her korleis.

Rapporten viser at flaumverdi for Årdalselva ved utløp i havet ved 200 årsflaum er 740 m<sup>3</sup>/s, jf. tabell 2.1 i rapporten. Ein 20 % auke i vassføring tilseier 887 m<sup>3</sup>/s ved 200 årsflaum. Dette er ganske så tilsvarande flaumverdi for 500-årsflaum som i rapporten er sett til 885 m<sup>3</sup>/s. **NVE har derfor fagleg råd om at 500 årsflaum kan nyttas som 200 årsflaum med klimapåslag i planen.** I NVE Atlas kan ein ta ut berekna vasstand ved tverrprofilar for ulike flaumvassføringar. Profillinje 3 viser flaumvasstand på 4,3 moh ved 500 årsflaum og profillinje 4 viser 5,4 moh. Profillinje 5, som ligg heilt nord i planområdet, viser 500 årsflaumvasstand på 5,8 moh. For å fastsetta trygg byggehøgde må det leggest til 30 cm sikkerheitsmargin. Vi ber om at omsynssone for flaum blir vurdert på nytt og at sikker byggehøgde gitt med kote i føresegner er i tråd med krav i TEK 17 og omsynet til klimaendringar.

**For å løysa motsegna må det gjerast konkrete og etterprøvbare vurderingar av flaumfare og trygg byggehøgde, jf. krav til TEK 17.**



Kartutsnitt frå NVE Atlas som syner flaumvasstander ved ulike profilinjer.

### Overvatn

Omsynet til flaum må og sjåast i samanheng med lokal overvasshandtering. Auka grad av utbygging i planområdet gir auka andel tette flater. Endringane i føresegnene går på å auke utnyttingsgraden i delfelt B1 frå 0,7 til 0,9. Det er ikkje gjort greie for korleis overvatn skal handterast i planområdet, men er foreslått rekkefølgekrav i føresegn til planen om at *Før det blir gitt byggeløyve for nye bygg i industriområdet B11 skal det godkjennast teknisk plan for området; denne skal innehalde løysingar for vann/internveg/avløp/straum (herunder plassering trafostasjon) samt overflatevatn/avrenning. Nettstasjon for kraftforsyning til anlegget skal òg inngå i teknisk plan.*

**NVE har fagleg råd om at løysingar for overvatn blir greidde ut før planen blir vedtatt.** På den måten kan det settast av omsynssone i plankartet viss det er behov for ny teknisk infrastruktur eller grønstruktur med tilhørande føresegner i planen. NVE kan gje råd til heimelsgrunnlag og kva føresegner kan innehalde, men det er forslagsstiller som bør fremma løysingar. Som planmyndigheit kan kommunen stille krav til både mengde og -kvalitet på avrenning frå nye tiltak gjennom generelle føresegner i reguleringsplanen, jf. pbl. § 12-7. Dersom det er behov for drygningstiltak må dette avklarast i planprosessen slik at det blir sett av tilstrekkeleg areal til tiltaka eller at det blir krav til for eksempel utenomhusplan med disponering og drenering av overvatn etc.

Utgangspunktet er at den enkelte grunneigar har ansvar for å handtera overvatn på eigen grunn. Grunneigar skal og forhindre at oppsamla vatn frå eigen eigedom medfører ulemper for omgivnaden. Det inneber at den enkelte grunneigar eller utbygger i utgangspunktet vil vera ansvarlege for å utreda, etablere, drifta og vedlikehalde dei overvasstiltaka som er nødvendige. Dersom grunneigar leier vatn frå sin eigedom til et nærliggande vassdrag, vil vedkommande og vere underlagt aktsomhetsplikta i vassressurslova § 5. [NVE sine sider om urbanhydrologi](#) og [Miljødirektoratet sin overvannsveileder](#) gir nyttig informasjon om korleis overvatn bør handterast i arealplanlegginga.

### Vassdragskonsesjon

Etablering av nytt vassuttak til akvakulturanlegg er i dei aller fleste tilfelle konsesjonspliktig etter vassressurslova og det må søkast konsesjon. I tilfelle der reguleringsplan omfattar dei omsyna som vassressurslova skal ta vare på, kan reguleringsplan erstatta konsesjon etter vassressurslova § 8, jf. § 18 (særskilt avgjørelse om konsesjonsplikt) og § 20 (samordning av tillatelser). Forslagsstiller skriv i



planskildringa at det skal søkast om konsesjon utanom planprosessen. Vi legg til grunn at dette gjeld konsesjon for vassuttak. **Planforslaget inneheld ikkje nok opplysningar til å vurdere om tiltaket er gjennomførbart i tråd med vassressurslova. NVE har derfor sterke fagleg råd om at det blir sett krav til særskilt handsaming av vassdragstiltak etter vassressurslova i føresegnene til planen.**

#### *Nettanlegg*

Det må byggast ein ny nettstasjon innanfor planområdet for å kunna forsyna ny næring som planlagt i reguleringsendringa. Planen må ta omsyn til anlegg som er planlagt eller har konsesjon etter energi- og vassdragslovgjevinga, jf. NVE veileder nr 2 2017. NVE legg til grunn at planen tar omsyn til planlagde nettanlegg og at dette blir tatt vare på i føresegner og plankart.

#### *Generelt om dokumentasjon*

NVE ynskjer å få ein betre oversikt på område som er kartlagt for fare, og har oppretta ei løysing for innmelding av rapportar på vår nettside. Vi oppmodar kommunar om å sende rapportar og farekart for skredfare i bratt terreng, flaumfare og fare for kvikkleireskred. Informasjonen som NVE får inn vil bli brukt til å oppdatere farekarta i NVE Atlas. Vi ber også kommunane om å sende inn geotekniske rapportar til NADAG (nasjonal database for grunnundersøkelser), jf. brev frå NVE til kommunane datert 27.11.2019.

Med helsing

Anne Cathrine Sverdrup  
regionsjef

Marilyn Marskar  
senioringeniør

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*



Hjelmeland kommune  
Vågavegen 116  
4130 Hjelmeland

Kontakt saksbehandlar

Tina Eltervåg, 51568789

## Uttale - offentlig ettersyn for endring av plan R104 for Svadberg industriområde gnr./bnr. 139/23, 28 Hjelmeland

Me viser til brev datert 14.10.2020.

### Bakgrunn

Saka gjeld offentlig ettersyn for endring av plan R104 for Svadberg industriområde i Hjelmeland kommune. Hensikten med planendringa er å leggje til rette for etablering av landbasert oppdrettsanlegg i delområde B1 i øst. Endringane i plankartet går ut på å ta ut feltinndeling, interne vegar og utvide byggegrensene. Endringane i føresegna går ut på å auke utnyttingsgraden i delfelt B1 frå 0,7 til 0,9 og auke mønehøgda på nye planlagde bygg frå 10 til 12 meter. Det er også lagt inn rekkefølgekrev for flaum og teknisk plan for VVA.

### Vår vurdering

#### Byggegrense mot Storåna

Det er foreslått å redusera byggegrensen mot Storåna med opptil 10 meter ved å fjerne regulert veg i gjeldande reguleringsplan. Endringa vil ikkje påverke det regulerte vegetasjonsbeltet (ca. 30 meter) mot elva Storåna. Byggegrensa innanfor industriformålet i gjeldande reguleringsplan gjer at byggegrensa mot Storåna i realiteten er ca. 43 meter. Sjølv om endringa ikkje påverkar det regulerte vegetasjonsbeltet, vil endringa opne opp for at bygningane kan oppførast nærmare elva.

Det er vist ei omsynssone i kommuneplanen på 50 meter langs Storåna. Her skal ein ifølgje retningslinje 6.5.3 ta omsyn til natur-, rekreasjons- og landskapskvaliteter. I kommuneplanens føresegn § 22, står det: Langs vatn og større vassdrag som har betydning for natur-, kulturmiljø- og friluftsinnteresser, er det ei sone på 50 meter med forbod mot byggjetiltak og vesentleg terrenginngrep. Planforslaget kjem i konflikt med denne sona i kommuneplanen,

Kantvegetasjonen langs Årdalselva er viktig for biologisk mangfald og kan bidra til å dempe flaum og erosjon langs elva. Storåna er ein del av Årdalsvassdraget og er kjent for sin verdifulle storlaksstamme og er eit viktig laksevassdrag. Elva er også mye brukt til fiske. Storåna med kantsoner er difor eit viktig natur- og friluftsområde. Det er ikkje gjort vurderingar av konsekvensane eit redusert vegetasjonsbelte kan få for vassdraget, eller ei vurdering av avbøtande tiltak. Alle saker som gjelder natur, skal vurderast etter prinsippa i naturmangfaldlova (nml.) §§ 8-12, jf. nml. § 7.



I planforslaget står det at det ikkje er nokon spesielle miljøtiltak som skal gjennomførast ved utbygginga, anna enn at det skal sørgast for at det ikkje kjem uønskte utslepp frå maskinar og utstyr til Storåna og omkringliggende område. Utbygging av området vil gi auka avrenning, som kan ha negativ påverknad på Storåna. Det må setjast krav i føresegna om å forhindra utslepp til elva, inkludert finstoff, i anleggsfasen og i driftsfasen.

Basert på vurderingane over, fremmar Fylkesmannen, med heimel i plan- og bygningslova § 5-4 tredje ledd, **motsegn** til planforslaget. Byggegrensa i planforslaget må vera i tråd med kommuneplanen, og det må innarbeidast avbøtande tiltak som sikrar uønskt avrenning i føresegna.

#### Samfunnsikkerheit

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) fremmar motsegn til reguleringsplanen fordi planforslaget ikkje inneheld nok opplysningar til å vurdere om tiltaket kan gjennomførast med tilstrekkeleg tryggleik for skred og flaum. Omsynet til klimaendringar og overvatn er heller ikkje tilstrekkeleg vurdert i planarbeidet og må sjåast i samanheng med flaumfare.

Fylkesmannen støttar NVE si motsegn til grunnforhold og flaum. Grunnundersøkingar kan ikkje utsettast til 2. gongsbehandling. Ved flaum må klima takast omsyn til.

Med helsing

Harald Thune  
ass. fylkesmann

May Britt Jensen  
fylkesmiljøvernsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Rogaland fylkeskommune Postboks 130 4001 Stavanger